

# Årsmelding 2025

Voss Næringsråd

## Leiaren sitt ord

2025 har vore eit år med auka aktivitet i Voss Næringsråd. Styret har hatt som mål å styrke arbeidet i rådet og bidra til betre dialog mellom næringslivet, kommunen og andre samarbeidspartnarar.

Gjennom året har Voss Næringsråd deltatt i ei rekkje møter, konferansar og samarbeidsarenaer. Rådet har også bidrege med innspel i saker som er viktige for utviklinga av næringslivet på Voss.

Eit viktig løft i 2025 har vore opprettinga av ei prosjektstilling med støtte frå Kraftfondet. Dette har gjort det mogleg å styrke arbeidet med kommunikasjon, medlemskontakt og synlegheit. Styret ynskjer å arbeide vidare med å sikre finansiering slik at prosjektstillinga kan vidareførast framover.

Styret vil rette ein takk til alle som bidreg til arbeidet i Voss Næringsråd, både styremedlemmer, samarbeidspartnarar og medlemmar. Eit sterkt og aktivt næringsliv er avgjerande for utviklinga av Voss som lokalsamfunn. No som basis drifta i VNR er god, er rådet endå sterkare til å nettopp jobbe for betre rammevilkår lokalt og nasjonalt.

Me ser fram til å vidareføre dette arbeidet i 2026.

*Anders Hegland Lauritzen*  
**Leiar, Voss Næringsråd**

## Om Voss Næringsråd

Voss Næringsråd er ei foreining som arbeider for å samle næringslivet i Voss herad og vere ei tydeleg stemme i saker som påverkar næringslivet lokalt. Rådet skal vere eit formelt høyringsorgan overfor offentlege styresmakter og bidra til dialog og samarbeid mellom næringsliv, herad og andre relevante aktørar.

Gjennom 2025 har det vore gjennomført 11 styremøte. I tillegg har det vore jamlege møte med næringsssjefen i Voss herad, dagleg leiar i Hardanger og Voss Næringshage. Samt møte med ordførar og kommunedirektør.

## Styret i 2025

Styret i Voss Næringsråd vart valt på årsmøtet 27. mars 2025.

- Anders Hegland Lauritzen (leiar)
- Hedvig Røhnebæk (nestleiar)
- Bjørnar Nedkvitne
- Lars Tore Rogne
- Kjetil Tverberg
- Yorick S. Gontarek
- Trond Nordpoll
- Knut Kettermann

På ekstraordinært årsmøte 24. juni 2025 vart følgjande valde inn i styret:

- Ståle Rørlien
- Mona Bystøl

**Styret arbeider på dugnad, og ingen av styremedlemmene mottok godtgjersle for vervet i 2025.**

## Organisasjonsutvikling

Etter årsmøtet i 2025 var eit viktig mål å styrke den daglege drifta av Voss Næringsråd og legge til rette for meir aktivitet og større synlegheit.

Rådet hadde eit ønske om å kunne delta i fleire møte, konferansar og utval, samt vere meir synleg i lokal media, på heimesida og i kommunikasjon med medlemmene. Det har også vore viktig å kunne bidra med høyringsinnspel og ha dialog med politiske parti og offentlege aktørar.

I 2025 fekk Voss Næringsråd støtte frå Kraftfondet til å opprette ei prosjektstilling. Etter ein god søkarprosess vart Ingvild Bjørneboe-Iversen tilsett i prosjektstilling. Dette har vore eit viktig løft for arbeidet i rådet og har bidrege til større aktivitet, betre kommunikasjon med medlemmene og auka synlegheit.

I løpet av året har Voss Næringsråd også arbeidd med å styrke kommunikasjonen med medlemmene gjennom nyheitsbrev, oppdateringar på nettsida og større synlegheit på LinkedIn.

## Aktivitet og deltaking gjennom året

### Januar

28.01

Deltaking på samarbeidstur til Vestland fylkeskommune saman med Utval for kultur og næring og Voss Kulturråd.

## **Februar**

05.02

Deltaking på Idecamp Energi – «Mer av alt raskere». Temaet var energiproduksjon, næringsutvikling og naturforvaltning.

10.02

Deltaking på møte i Næringsalliansen i Bergen.

26.02

Debatt på Voss Bibliotek: Bygd for turistar? Korleis få reiselivet og bygda til å gå hand i hand.

## **Mars**

04.03

Voss Næringsråd inviterte Voss Energi og Frode Solbakk til informasjon og diskusjon om energisituasjonen på Voss i samband med styremøte.

10.03

Møte med ordførar og kommunedirektør på Tinghuset.

27.03

Årsmøte på Fleischer's Hotel med påfølgjande middag i Seckmann-stuene.

## **April**

08–09.04

Deltaking på Vossadagane.

08–09.04

Deltaking på Næringsalliansen sitt arrangement på Stortinget.

19.04

Deltaking på konferanse for Næringsråd i Norge (NiN) i Bergen.

24.04

Presentasjon av mogleighetsstudie for Vangen.

29.04

Fagdag om bustadbygging i regi av Voss herad og Husbanken.

## **Mai**

13.05

Invitasjon til møte i Utval for kultur og næring – presentasjon av Voss Næringsråd.

## **Juni**

02.06

Innspel frå Voss Næringsråd på medlemsmøte i Voss Arbeidarparti.

03.06

Deltaking på Fjordtinget i Øystese.

04.06

Arrangør av gründernetttverk på Hanguren med besøk av Erna Solberg.

24.06

Ekstraordinært årsmøte – val av styremedlemmer Mona Bystøl og Ståle Rørlien.

24.06

Felles møte om høyringsinnspel saman med Huseigerlaget og Voss Sentrum.

26.06

Møte med Investeringsstiftinga Hardanger og Voss.

## **Juli**

04.07

Høyringsinnspel sendt inn på reguleringsplan for Park Hotel. (23/9867-8 PlanID 2023007)

## **September**

02.09

Transport- og logistikkdagen - Bergen Næringsråd. K5 utbygginga blir frontet av Voss, direkte til Kjell Inge Davik som er ein av foredragsholdarane.

10.09

Møte med plan- og byggesaksavdelinga i Voss herad.

## **Oktober**

Oppstart av arbeid med å synleggjere arbeidet til Voss Næringsråd i større grad. Dette omfattar mellom anna meir aktiv bruk av LinkedIn, oppdateringar på eigen nettside og utsending av nyheitsbrev til medlemmene. Det første nyheitsbrevet vart sendt ut i oktober.

01.10.2025

Saman med Vossaløysinga, K5 Alliansen, Bergen Næringsråd, Forum Nye Bergensbanen, Voss Næringsråd, Voss Sentrum og Voss Reiselivsråd ble det sendt inn brev med tittel "Anmodning om å sette igang planprosess del 2 for felles veg og bane Stanghelle->Voss"

10.10.2025

VNR sendar inn innspel på jordvernstrategien til Voss herad.

## **November**

03.11

Møte med ordførar, kommunedirektør og næringsssjef.

03.11

Deltaking på Næringsalliansen sitt møte i Bergen.

06.11

Samarbeidsmøte med Hardanger og Voss Næringshage.

14.11

Deltaking på Bergen Næringsråd sin årskonferanse.

17.11

Digitalt møte med ITN COBO Advisors om moglegheiter for VNR sine lemer i India.

25.11

Dialogmøte på Meieriet om kommuneplanen sin samfunnsdel.

27.11

Innlegg på Hallingdal Næringshage sin konferanse på Voss.

27.11

Høyringsinnspel sendt til kommuneplanen sin samfunnsdel.

## **Samarbeid**

Gjennom året har Voss Næringsråd bidrege til dialog og samarbeid mellom fleire sentrale aktørar i lokalsamfunnet, mellom anna utbyggjarar, arkitektar, Vossaløysinga, Vossevangen Huseigarlaget, Voss Sentrum, Hardanger og Voss Næringshage og Voss herad.

Dette samarbeidet har bidrege til betre kommunikasjon mellom aktørar som arbeider med utvikling av Voss, og legg til rette for at ein kan stå sterkare saman i større prosjekt og saker som påverkar lokalsamfunnet. VNR har på ein fin måte gitt eit innblikk inn i kvardagen til dei som betalar rekningane sine sjølv.

## **Økonomisk og medlemskap**

Medlemskontingenten vart i 2025 justert til 1000 kroner per medlemsbedrift. Ved utgangen av året hadde Voss Næringsråd 84 medlemsbedrifter.

Økonomien i Voss Næringsråd er i hovudsak basert på medlemskontingent og prosjektmidlar. I 2025 fekk rådet støtte frå Kraftfondet til oppretting av ei prosjektstilling, noko som har gjort det mogleg å styrke arbeidet i organisasjonen.

Den vidare drifta og aktivitetsnivået i rådet vil også framover vere avhengig av tilgjengelege midlar. Styret arbeider med å sikre finansiering for vidare drift, mellom anna gjennom søknader om prosjektmidlar og dialog med aktuelle samarbeidspartnarar.

Det økonomiske resultatet for året går fram av det vedlagte rekneskap.

## **Framtidsutsikter**

Voss Næringsråd vil framover arbeide vidare for å styrke samarbeidet mellom næringslivet og kommunen, samt bidra til utvikling av Voss som ein attraktiv stad å etablere og drive verksemd.

Rådet ynskjer også å bidra til å gjere møteplassar som fins endå betre, og skape nye om nødvendig for næringslivet og styrke kommunikasjonen med medlemmene.

## **Signaturar**

Voss, 12.03.26

Styret i Voss Næringsråd